

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Deres referanse

Vår referanse
24/00598-7

Saksbehandlar
Kenneth Bergstad

Dato
19.04.2024

Høringsnotat - Offentleg høyring. Fem forskrifter etter ny opplæringslov med verknad frå 01.08.24

Innleiing:

I ny *Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova)* som trer i kraft frå 1. august 2024, er det fleire endringar i høve dagens lov, blant anna er det krav om at det skal utarbeidast lokale forskrifter.

I dagens opplæringslov er det gjort unntak frå krav om kunngjering i Norsk Lovtidend (Lovdata). I den nye opplæringslova er unntaket tatt bort. Det vil seie at kommunane må ha høyrte, vedteke og kunngjort nye forskrifter i høve ny opplæringslov før 1. august 2024. Det er kommunestyret som fastsett lokale forskrifter.

Hovudutval for tjenesteutvikling har behandla saka i møte 18.03.24 som sak 17/24

Følgjande vedtak vart fatta:

Følgjande utkast til forskrifter blir lagt ut på offentleg høyring.

1. *Forskrift om permisjon frå skulen i Surnadal kommune*
2. *Forskrift om skulefritidsordning (SFO) i Surnadal kommune*
3. *Forskrift om skulereglar og skuledemokrati i Surnadal kommune*
4. *Forskrift om skule- og feriedagar 2024 - 2027 i Surnadal kommune*
5. *Forskrift om hovudmål i Surnadal kommune*



Postadresse

Bårdshaugvegen 1, 6650 SURNADAL

E-post

e-post

Besøksadresse

Bårdshaugvegen1

www.surnadal.kommune.no

Telefon

Telefon

Org.nr

Orgnr

Bank

4202 38 40000

Målgruppe:

Målgruppa for høyringa er barn, foreldre og tilsette i skulen.
I tillegg vil forslaget bli lagt ut på heimesida til kommunen.

Informasjon kring høyringa:

Einingsleiar vidaresender forslaget til elevrådet, foreldras arbeidsutval (FAU), skulane sitt skulemiljø - og samarbeidsutval(SSU), tillitsvalde og verneombod ved skulane i kommunen.

Fristen for høyringa er 02.06.24

Einingsleiar ved dei enkelte skulane sørgjer for at det vert kalla inn til møte i dei utvala som er nemnt over og at medlemmane får saka med vedlegg utsendt på førehand.

Ein ber om skriftleg tilbakemelding frå utvala det gjeld. Andre som ønskjer det, kan også kome med uttale.

Kort om forskriftene:

Permisjon frå skulen:

Permisjon frå skulen er i dagens lovverk regulert i § 2-11 (permisjon frå den pliktige opplæringa). Når det er forsvarleg, kan kommunen gje den enkelte elev permisjon inntil 2 veker. Dette er ikkje regulert i forskrift.

Ny lov § 2-2, fjerde ledd (plikt til grunnskoleopplæring), regulerer at kommunane kan gje permisjon frå skulen. Det er krav om lokal forskrift. Lengda på permisjon er ikkje fastsett i lova, men blir fastsett i lokal forskrift.

Skulefritidsordning (SFO):

SFO er i gjeldande Opplæringslov regulert i §13-7, der det stilles krav om vedtekter. I ny lov § 4-5, femte ledd er det fastsett krav til lokale forskrifter. Utkast til forskrift for SFO er utarbeida i all hovudsak på gjeldande vedtekter vedteken i kommunestyret 15.06.23 sak 48/23. Når ny lokal forskrift er vedteken blir gjeldande vedtekter for SFO oppheva med same verknadsdato.

Skulerute:

Omfanget av grunnskoleopplæringa er i dag lovfesta i § 2-2. Kommunen gjer forskrift om ferie og fridagar i skuleåret. I ny opplæringslov er skuleruta regulert i § 14-1, andre ledd. Lengda på skuleruta er det same som tidlegare, der opplæringa skal strekke seg over minst 38 veker innanfor ramma av 45 samanhengande veker i skuleåret. Surnadal kommune har tilpassa seg Møre og Romsdal fylkeskommune si skulerute gjennom fleire år, og tilpassar dette også i nytt utkast til lokal forskrift. Dette har også samanheng med gjennomføring av skuleskyss.

Skulereglar:

I dagens opplæringslov er dette regulert i § 9A-10 (ordensreglementet).

I ny lov er skulereglar regulert i § 10-7, og skal ha lokal forskrift. Utkast til ny forskrift ivaretek, som tidlegare, elevens beste, demokrati, rettar og plikter og orden og framferd. Med utgangspunkt i ny lokal forskrift skal skulane utarbeide eigne trivselstiltak og reglar for orden og framferd.

Hovudmål:

Ny opplæringslov § 15-2 set krav til lokal forskrift om hovudmål ved den enkelte skule.

Utkast til lokal forskrift om hovudmål fastset nynorsk som skriftspråk for dei kommunale grunnskulane i Surnadal kommune. For grunnskuleopplæringa ved Surnadal Vaksenopplæring er språkforma bokmål.

Saksgang for fastsetting av lokale forskrifter etter reglar i ny opplæringslov:

Hovudutval for tenesteutvikling behandlar saka om fastsetting av lokale forskrifter. Etter at forskriftene har vore på høyring, blir forskriftene behandla på nytt i utvalets møte på juni, der det blir fatta eit vedtak som blir sendt vidare til kommunestyret.

Lokale forskrifter må vere sluttbehandla og vedteken i kommunestyremøte 20. juni. Deretter vil dei kunnigjerast med verknad frå 1. august 2024.

Med helsing

Kenneth Bergstad
Rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Vedlegg:

Forskrift om permisjon frå skulen

Forskrift om skulefritidsordningane (SFO) for 2024 - 2027 i Surnadal kommune

Forskrift om skulereglar og skuledemokrati i Surnadal kommune

Forskrift om hovudmål på kvar skule i Surnadal kommune

Forskrift om skule- og feriedagar 2024 - 2027 i Surnadal kommune

Mottakere:

Todalen og Stangvik oppvekstsenter, Gro Kvammen Sæter

Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter, Arne Henning Johnsen

Mo oppvekstsenter, Marit Kristin Mikkelsen Søyseth

FAGFORBUNDET SURNADAL AVD 373, Tove Naterstad

UTDANNINGSFORBUNDET SURNADAL, Jan Terje Moen

Surnadal barne og ungdomsskule, Bjørn Einar Høivik